

Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite

Deres ref

Vår ref

Dato: 1. september 2023

## Svar på spørsmål om regjeringsapparatets handtering av habilitetsregelverk mv.

Eg viser til brev frå Kontroll- og konstitusjonskomiteen av 10. august 2023 til statsministeren og til statsministerens svar av i dag. Eg er bedt om å svare for Kommunal- og distriktsdepartementets vedkommande på spørsmåla 1, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12 og 13.

*1. Komiteen ber om at Statsministerens kontor på vegne av samtlige departementer informerer komiteen om departementenes respektive rutiner for praktisering av habilitetsreglene.*

Departementsråden i KDD har kort tid etter at ny statsråd er utnemnd, ein samtale med den nye statsråden om arbeidet i departementet. I denne samtalen blir statsråden mellom anna minna om at han må passe på at han er habil i handsaminga av saker i departementet eller i regjeringa. Departementsråden viser til «Håndbok for politisk ledelse» for nærmare omtale av regelverket. Det ligg også ei lenke til denne handboka på departementet sitt intranett, i ein boks med overskrifta «Informasjon til politisk ledelse». Med unntak av dette, har KDD ikkje skriftlege rutinar for handtering av habilitet.

Det blir i samtalen understreka at det er den einskilde statsråd sitt eige ansvar å vurdere og ta avgjerd om sin habilitet. Dette må skje konkret før behandling av den enkelte sak. Dersom statsråden ber om det, vil han kunne få bistand frå embetsverket til å gjere disse vurderingane. Departementet vil då også kunne hente inn råd frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementsråden har også oppstartsamtale med nye statssekretærer og politiske rådgjevarar, der mellom anna habilitet er tema.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kdd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelingen

Saksbehandler  
Ida Bakke Husom  
22 24 68 37

I arbeidet med statsbudsjett og revidert budsjett blir det utforma eit skjema med oversikt over alle direkte tilskot frå departementet til namngjevne organisasjonar, verksemder o.l. Her må alle i politisk leiing og departementsråden skrive under på at dei ikkje har bindingar til nokre av disse organisasjonane (ved ein inkurie blei dette ikkje gjort i arbeidet med statsbudsjettet for 2023). Departementet er også særskild merksam på saksfelt der departementet har myndigheit som vil kunne få konsekvensar for nokre få verksemder. Det viktigaste saksområdet her er reguleringa av ekom-sektoren, sjå også svar på spørsmål nr. 9.

*5. Komiteen understreker at Stortinget har vedtatt I lov at det er hver tjenesteperson som har ansvaret for egen habilitet. Har departementene rutiner for å gjennomgå egne budsjetter og andre relevante saksporteføljer for å fange opp saksbehandling som kan bli berørt når en ny statsråd har hatt innledende samtale med departementsråden og gått gjennom mulige habilitetsutfordringer? Det bes videre om en konkret redegjørelse for hvilke rutiner Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet har for slik oppfølging av den innledende samtalen med ny statsråd.*

Dersom habilitetsutfordringar i ei sak eller på eit saksområde er avdekka, blir det informert om dette frå departementsråden til dei aktuelle avdelingane og til øvrig politisk leiing. SMK blir også orientert, og det blir om naudsynt oppnemnd settestatsråd.

Eg viser elles til mitt svar på det første spørsmålet.

*7. Komiteen ber om at Statsministerens kontor samler inn og oversender en oversikt over eventuelle endringer i departementenes rutiner fra 2017 til i dag for å ivareta habilitetsreglene.*

Det har ikkje vore nokre endringar i Kommunal- og distriktsdepartementets rutinar knytt til habilitet i dette tidsrommet.

*8. Komiteen ber om en fullstendig liste over beslutninger som statsråder har fattet eller deltatt i, hvor det i ettertid er avdekket inhabilitet.*

Kommunal- og distriktsministeren har ikkje fatta eller deltatt i avgjerd der det i ettertid er avdekka inhabilitet.

*9. Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svarbrev til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. Komiteen ber om å få en oversikt over alle skriftlige habilitetsvurderinger som er foretatt i regjeringen fra den tiltrådte til dags dato. Det bes opplyst om hvilken dato vurderingen ble forespurt, og eventuelt når det er bedt om en tilleggsvurdering.*

12. juni i år bad eg Lovavdelinga om ei vurdering i ei sak som gjaldt eit erstatningskrav mot staten som departementet skulle ta stilling til. Bakgrunnen for førespurnaden var at eg privat nytta dei same advokatane som representerte klagarane i erstatningssaka. Lovavdelinga si vurdering var at eg ikkje var inhabil til å ta stilling til erstatningskravet. Eg har difor vurdert meg habil i saka.

Eg vil også vise til at departementet 3. desember 2021 bad Lovavdelinga om ei vurdering av statssekretær Gunn Karin Gjuls habilitet i sakar som er av særleg betydning for Telenor. Bakgrunnen for vurderinga var statssekretærens vennskap med Rita Skjærvik som på det tidspunktet var konserndirektør for strategi og eksterne relasjonar i Telenor Group og styremedlem i Telenor Norge. Ettersom Kommunal- og distriktsdepartementet regulerer området for elektronisk kommunikasjon og forvaltar ei marknadsregulering som gjeld for Telenor, var det viktig å gjere ei habilitetsvurdering. Lovavdelinga vurderte at Gjul truleg vil vere inhabil til å behandle individuelle sakar som angår selskap i Telenorkonsernet dersom avgjerda kan føre til ikkje ubetydelege økonomiske konsekvensar for Skjærvik, eller viss den angår ein del av Telenors verksemd som Skjærvik i særleg grad har arbeida med eller har vore særleg involvert i. I tråd med vurderinga til Lovavdelinga, konkluderte Gjul med at ho var inhabil i slike saker.

På det tidspunkt tidlegare kommunal- og distriktsminister Bjørn Arild Gram blei utnemnd til statsråd, eigde han nokre aksjar i Telenor. På bakgrunn av KDD's reguleringsansvar for ekom-sektoren, bad han om ei vurdering av dette. Etter ei intern skriftleg vurdering i departementet 22. november 2021, konkluderte Gram med at han var inhabil, og valde å selje alle aksjane i Telenor.

*10. Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svar til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. komiteen ber regjeringen samle en oversikt over alle tilfeller der en statsråd har bedt embetsverket om bistand til habilitetsvurdering fra regjeringen tiltrådte til dags dato. Ettersom en slik oversikt ifølge statsministerens svarbrev ikke allerede foreligger, har komiteen forståelse for at detaljeringsgraden vil variere for de enkelte oppføringene.*

Eg viser til mitt svar på spørsmål 9. I dei omtalte sakene bad statsrådene om bistand frå embetsverket.

*11. Komiteen ber regjeringen redegjøre for eventuelle rapporteringsrutiner for politisk ledelse i departementene som omfatter privatøkonomiske forhold. Komiteen ber om at redegjørelsen inkluderer informasjon om formålet med eventuell rapportering og hvilke opplysninger som i så fall rapporteres inn til Statsministerens kontor eller til det enkelte departement.*

Kommunal- og distriktsdepartementet har ikkje nedfelt slike rutinar skriftleg. Statsråden rapporterer til Stortingets register for stortingsrepresentantane og regjeringsmedlemmane sine verv og økonomiske interesser. Det er vanleg at statsråden informerer departementsråden om eventuelle registreringar i Stortingets register som vil kunne ha

betydning for saker som blir behandla i departementet. Statssekretærene informerer normalt også departementsråden om slike verv og økonomiske interesser når det er relevant.

*12. Komiteen ber om liste, fordelt på departement og statsråd, over alle utnevnelser/oppnevnelser foretatt av statsråder eller regjering til råd, styrer og andre relevante verv eller organ fra oktober 2017 til i dag.*

Ei liste over slike utnemningar/oppnemningar ligg vedlagt.

*13. Det vises til at SMK har bedt departementene om å gjøre en grundig gjennomgang av saker der habilitet kan være tema, Jf. statsministerens svarbrev av 20. juli 2023. Komiteen ber om å få oversendt departementenes gjennomgang.*

Eg har gjort ei ny vurdering om det kan være saker der min habilitet og habiliteten til andre i politisk leining kan vere tema. Vi har ikkje avdekket nokre nye slike saker. Eg viser elles til mine svar på spørsmål nr. 9.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Vedlegg:

- Liste over utnemningar/oppnemningar frå oktober 2017 til i dag